

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
081/2014	Formannskapet i Radøy	PS	13.11.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Johan Fredrik Bøschen Sandal	14/2421	14/11993

### Høyringsuttale til ny tannklinikks-struktur

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev uttale til klinikksstrukturplanen for tannhelsetenesta i samsvar med saksutgreiinga.

#### Saksopplysingar:

Fylkesutvalet i Hordaland har vedteke å sende forslag til ny klinikksstrukturplan 2015-2030 for tannhelsetenesta i Hordaland på høyring, med frist 15. desember 2014. Målet med planen er å utvikle ein klinikksstruktur innanfor gitte rammer som kan tilby innbyggjarane i Hordaland stabile tannhelsetenester, inkludert spesialisttenester av høg fagleg kvalitet.

Klinikkane må ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på tannklinikkane er og avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartane på ein effektiv og god måte.

Dette er ei utfordring dei fleste kommunar utanfor dei store byane står overfor. Problemet med planen er at den tek for seg tannklinikken sin interne logistikk og personalutfordring. Prinsippet om å sentralisere dei mest avanserte tenestene har me forståing for. Desse må gjerne ligge i Bergen heller enn i Knarvik, om det gjer tenestene betre og sikrare. Dei utgjer berre ein liten del av problemstillinga.

Det er grunn til å stilla spørsmål ved fleire sider i klinikksstrukturplanen. Me er uroa over den samfunnsmessige belastninga ved planforslaget. For det første vil ei sentralisering av klinikketenesta medføre ei miljømessig belastning. For det andre vil det for mange pasientar bli lang reisetid til tannklinikken. Det grunnleggande problemet med løysingane i planen er knytt til sentralisering mot Knarvik og mot Bergen.

#### Eit eksempel;

«Barneskuleelever til tannlege Knarvik kl. 11.00, far jobbar i Bergen, må forlate jobb kl. 09.30. Manger 10.30 – Knarvik 1100 – ferdig 11.15 – Manger 11.45 – tilbake på jobb Bergen 12.45. Dette betyr at den tenesta vil medføre fråvær på over 3 timer for foreldre og arbeidsgjevar». Eldre/bebruarar på institusjon må også ha pårørande/personale med som følgje.

Tannlegetenesta er ein viktig funksjon. Det er därleg samfunnsøkonomi å sentralisere funksjonar som flyttar ein kostnad over på private hushaldningar og arbeidsgjevar. Som me har peika på vil det miljømessig også vera negativt med ei sentralisering av tannhelsetenesta, slik planen legg opp til.

Vidare er det også ein fare for at barn som burde hatt tannkonroll, kan sleppe unna om dei ikkje har pårørande som evner å følgje opp.

Klinikkstruktur-planen burde ta opp spørsmålet om å utføra screening lokalt, for deretter å flytte pasient til eigna behandlingstad etter alvorsgrad. Alle tannlegekonsulter treng nødvendigvis ikkje tannlege tilgjengeleg. Sannsynlegvis vil berre eit fåtal av dei yngre trenge tannlegebehandling, men alle treng å bli «kontrollert». Ein tannpleiar kan ta tannsjekk lokalt og ved behov vise pasientane vidare til tannlege lokalt eller sentralt. Ein kan for eksempel samla opp tannlegebehandling til «dei med hol i tennene» til ein dag i veka. Tannklinikkar som kan gje barn og eldre eit godt tannhelsetilbod på heimstaden, er eit langt betre tilbod i distrikta enn å sentralisera tannhelsetenesta i så omfattande grad som det vert lagt opp til i planen.

### **Formannskapet i Radøy - 081/2014**

#### **FS - handsaming:**

**Ordførar Jon Askeland kom med følgjande framlegg til høyringsuttale til ny klinikkstrukturplan 2015-2030 for tannhelsetenesta i Hordaland:**

Radøy kommune ber fylkespolitikarane avvisa strukturplanen for tannklinikk-tenesta slik den føreligg, og at Tannklinikken på Manger vert oppretthalde og styrkt.

Radøy kommune kritiserer Hordaland fylkeskommune ved at den tilnærminga administrasjonen legg opp til ikkje er i samsvar med Fylkeskommunen sin visjon om å utvikla Hordaland-samfunnet saman med kommunane. Me meiner at administrasjonen bommar kapitalt ved at høyringsdokumentet synest å ha som mål å optimalisera fylkeskommunen sin økonomi på tannklinikk-strukturen. Radøy kommune meiner at fylkeskommunen skal søkja å optimalisera velfungerande lokalsamfunn, der tannklinikkanne vert nytta som verkemiddel for at det ikkje vert unødig reisetid til tannklinikkanne.

Radøy kommune er villig til å strekkja seg endå lenger i å tilretteleggja lokala i Helsehuset på Manger, der tannklinikken er med og sikrar eit heilskapleg helsetilbod for innbyggjarane våre.

Subsidiært ber me fylkespolitikarane om å utsetja vedtak om tannklinikkstruktur i Nordhordland til etter at kommunereforma med eventuelle samanslåingar er kjent. Dersom det vert ein eller fleire større kommunar i Nordhordland må tannklinikk vurderast som ei kommunal oppgåve. For Nordhordland sin del vert det også feil å forsottera romsituasjonen i Helsehuset, sjølv om me er positive til planane om at ein tannklinikk i Knarvik kan vera fylket sin nest største offentlege klinik med 18 behandlingsrom.

Subsidiært ber me også fylkeskommunen utgreia ei ordning med ambulerande tannpleiarar og/eller oppretthalda tannpleiarstenesta ved noverande tannklinikkar, slik at ein sikrar å vidareutvikla den vellukka profylaksetenkjinga innan tannhelsa. Me ber også om at det vert vurdert om ein på Manger kan kombinera dette med eit samarbeid med dei private tannlegane for målgruppa for den offentlege tannhelsetenesta.

Formannskapet vedtok samråystes ordføraren sitt framlegg til høyringsuttale.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune ber fylkespolitikarane avvisa strukturplanen for tannklinikk-tenesta slik den føreligg, og at Tannklinikken på Manger vert oppretthalde og styrkt.

Radøy kommune kritiserer Hordaland fylkeskommune ved at den tilnærminga administrasjonen legg opp til ikkje er i samsvar med Fylkeskommunen sin visjon om å utvikla Hordaland-samfunnet saman med kommunane. Me meiner at administrasjonen bommar kapitalt ved at høyringsdokumentet synest å ha som mål å optimalisera fylkeskommunen sin økonomi på tannklinikkstrukturen. Radøy kommune meiner at fylkeskommunen skal søkja å optimalisera velfungerande lokalsamfunn, der tannklinikkanne vert nytta som verkemiddel for at det ikkje vert unødig reisetid til tannklinikkanne.

Radøy kommune er villig til å strekkja seg endå lenger i å tilretteleggja lokala i Helsehuset på Manger, der tannklinikken er med og sikrar eit heilskapleg helsetilbod for innbyggjarane våre.

Subsidiært ber me fylkespolitikarane om å utsetja vedtak om tannklinikksstrukur i Nordhordland til etter at kommunereforma med eventuelle samanslåingar er kjent. Dersom det vert ein eller fleire større kommunar i Nordhordland må tannklinikk vurderast som ei kommunal oppgåve. For Nordhordland sin del vert det også feil å forskottera romsituasjonen i Helsehuset, sjølv om me er positive til planane om at ein tannklinikk i Knarvik kan verta fylket sin nest største offentlege klinikk med 18 behandlingsrom.

Subsidiært ber me også fylkeskommunen utgreia ei ordning med ambulerande tannpleiarar og/eller oppretthalda tannpleiarartenesta ved noverande tannklinikkar, slik at ein sikrar å vidareutvikla den vellukka profylaksetenkjingga innan tannhelsa. Me ber også om at det vert vurdert om ein på Manger kan kombinera dette med eit samarbeid med dei private tannlegane for målgruppa for den offentlege tannhelsetenesta.

**Vedlegg:**

Tannhelsetenesta klinikksstrukturplan 2015-2030 - høyringsdokument